

## God Nordfjord-reklame

Det tyske TV-teamet, Media Information Broking (MIB), var på vitjing i Gloppen og Stryn i førre veke og feste storslått Nordfjord-natur til filmrullane. Flott reklame for Nordfjord som turistmål, seier Jens Skrede, produksjef i Reisemål Stryn og Nordfjord.

Jens Skrede møtte det tyske filmteamet på Reed camping torsdag morgon. Det første dei gjorde var å filme litt innover Breimsvatnet og i området rundt kyrkja. Vidare reiste dei til Karistova og filma innover fjorden mot Stryn. Ikkje nok med det: Det vart også teke opptak frå Lodalen og seinare på dagen frå Geirangerfjorden. Vi stiller som vertskap for å vise filmteamet dei rette plassane å gjere opptak. I vårt område vert det fokusert på fjordane på Vestlandet med tilstøytande område, seier Jens Skrede. Men turen er berre såvidt byrja for dei åtte tyskarane på norgesvitjing. Dei skal reise heilt til Lofoten der dei vil gjere undervassopptak og filme fjellklatring. Det er verkeleg flott her på Vestlandet, slår leiar for TV-teamet, Lars Bastian, fast. Han snakkar flytande norsk fordi han har studert i Oslo i seks år. Bastian har stor sans for Noreg, men likar seg aller best på Vestlandet.

### Gullkanta PR

Det første programmet skal synast på ein statleg tysk fjernsyskanal i Hessen 2, Juni. Då går programmet frå Lofoten på lufta. Noko seinare vert det Fjord-Noreg sin tur. Jens Skrede og turistnæringa i Nordfjord er svært tilfreds over å kunne stille opp for utanlandske mediafolk. Det er gullkanta PR. -Det å ta i mot slike grupper er ein viktig del av arbeidet vi gjer. I år har vi vore vertar til over 40 utanlandske turoperatørar. Det er svært viktig for marknadsføringa av Vestlandet som feriemål, fortel Skrede.

### Klassik sommaroppdrag

Sist det vart laga ein film om Fjord-Noreg var i 1995. Då vart det i tillegg til Nordfjord, også teke filmopptak frå Jølster, mellom anna med vekt på rafting. -Det munna ut i eit 40 minutt langt program som vart vist med svært god respons, seier Jens Skrede. -Men Nordfjord er nok likevel litt lite kjent for mange. Kanskje kunne regionen pofilert seg sterkare. Sjølv hadde eg ikkje høyrte noko om Nordfjord då eg kom til Noreg for første gong i 1987, sier Bastian.

Nettopp dette er det Reisemål Stryn og Nordfjord no vil gjere noko med.

-Dette er høgt prioritert. Regionen kan ikkje marknadsførast på ein betre måte. Gjennom slike TV-innslag får vi mykje igjen for pengane, seier Skrede. Reisemål Nordfjord og Stryn yter ikkje direkte tilskot, men syter som vertskap for gratis overnatting og måltid i tillegg til at det vert sett av ein til to personar som assisterer gjestane og på eit vis fungerer som guidar. I Gloppen var Gordon Gjesteun og Reed camping vertskap.

-Dette er eit klassisk sommaroppdrag for oss- og utruleg effektiv marknadsføring, smiler Skrede.